**Fra:** Anne Lise Molvik
**Sendt:** 8. mai 2018 08:54
**Til:** 'tove.mette.arneberg@hedalm-anebyhus.no'
**Emne:** Førebels svar på søknad om etablering av garasje under terreng - gbnr 195/235 Leiknes

Til Hedalm- Anebyhus AS ved Tove Mette Arneberg

Eg prøvde å nå deg på telefon i dag, men du var opptatt. Sender derfor denne e-posten.

Saka gjeld søknad om etablering av garasje under terreng på gbnr 195/235, jf arkivsak 18/1283. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka.

Etter ein førebels gjennomgang av søknaden ber vi at det vert send inn situasjonsplan som viser eksakt plassering av garasjen. Utforming av avkjørsla bør også visast. Ut i frå kartet ser det ut som om tiltaket kan koma i konflikt med eigedomen gbnr 195/2 der avkjøring frå garasjen vil koma. Vi ber om at det vert gjort greie for om gbnr 195/2 vert berørt og om det i så fall ligg føre privatrettsleg avklaring.

Utsnitt frå situasjonsplan mottatt 16.04.2018. Utsnitt av reguleringsplanen






Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål. Eg er å treffa frå fredag 11. mai.

Med venleg helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar på byggjesak

**E-post**: anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | **Telefon**: +47 56 37 56 40
**Kundesenter**: +47 56 37 50 00 | **Heimeside**: www.lindas.kommune.no

LINDÅS KOMMUNE